



Ytre Sogn vassområde

Sak 1 – 2015 Organisering, vidareføring av prosjekt og prosjektleiarstilling

Bakgrunn

Gjeldande prosjektplan for Ytre Sogn vassområde skildrar bakgrunn for prosjektet, mål, organisering, arbeidsoppgåver, økonomi og finansiering for perioden 2011 – 2015. Alle dei seks kommunane i vassområdet har slutta seg til prosjektplanen med tilhøyrande finansieringsplan gjennom vedtak i kommunestyre eller formannskap. Prosjektplanen budsjetterer med kostnader til prosjektleiarstilling, møte- kursutgifter og miljøovervaking og – kartlegging. Totalt ligg budsjettet på mellom 638,000 kr. til kr. 684.000 kr. per år i prosjektperioden. Dette finansierast av kommunane (50%, folketal nytta som grunnlag for fordeling), Fylkesmannen (25%) og Fylkeskommunen (25%). Dei to sistnemnde har innvilga midlar for eitt år om gangen.

Høyanger kommune er vertskommune, og har tilsett prosjektleiar for vassområdet i kombinasjon med ei 50 % stilling som miljøvernleiar i Høyanger kommune. Sjølv om finansieringsplanen førebels berre er vedteken fram til utgangen av 2015, er det trong for at prosjektet vidareførast etter 2015, då forvaltningsplanen og tiltaksprogrammet som no er ute på høyring skal følgjast opp med gjennomføring, rapportering, overvaking m.m., samt at plandokument for neste 6-årsbok (2021-2027) skal reviderast. Det er ei brei oppfatning at ein då bør ha prosjektleiar i 50% stilling også etter 2015 for å få til dette.

Ny ordning.

Ein har no byrja å sjå på organiseringa av arbeidet med vassdirektivet i heile fylket. Fylkeskommunen har utarbeidd eit konkret framlegg til ny organisering og finansiering av arbeidet med oppfølging av forvaltningsplan, tiltaksprogram og overvakingssystem i Sunnfjord og Nordfjord, der ein slår saman to 50 % stillingar til ei prosjektleiarstilling for både Nordfjord og Sunnfjord vassområder.

Fylkesutvalet 24.09.2014 gjorde slikt vedtak:

- 1. Fylkesutvalet ser behov for å styrke arbeidet med vassforvaltning gjennom å skape meir føreseielege rammer og etablere eit sterkare fagmiljø i arbeidet*
- 2. Fylkesutvalet sluttar seg til at fylkesrådmannen søker å få etablert eit samarbeid med vassområda Sunnfjord og Nordfjord for å få på plass ein felles prosjektleiar for desse områda, der fylkeskommunen tek arbeidsgjevaransvaret. Det må vere ein føresetnad at stillinga vert finansiert som i dag, ved at stat, fylkeskommune og kommunane i dei to vassområda forpliktar seg til å vidareføra dagens spleiselag*
- 3. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen gjennomføre tilsvarande samtalar med kommunane i vassområde Indre og Ytre Sogn for å avklare om det er grunnlag for å etablere ei felles stilling også for desse to vassområda. Ei ev. fellesstilling her må byggje på tilsvarande føresetnader som for Nordfjord og Sunnfjord.*

Kontorstad for prosjektleiaren må avklarast i samband med tilsettinga.



Ytre Sogn vassområde

Vidare finansiering

Om ein tek utgangspunkt i dagens finansieringsmodell der Fylkeskommunen og Fylkesmannen til saman dekker 50%, medan kommunane i vassområda dekker dei resterande 50% etter ei fordelingsnøkkel, er det fleire måtar ein kan løyse dette på. Dagens finansiering for kommunane i Ytre Sogn er 100 % basert på folketal i kommunane. Viss ein brukar ein fordelingsnøkkel der 1/3 av beløpet vert likt fordelt mellom kommunane, 1/3 vert fordelt etter folketal, og 1/3 vert fordelt etter areal av elv og innsjø vert kostnadane fordelt meir i samsvar med utfordringane i kommunane, og fordelinga vert meir rettvis. Då vil kommunanes kostnadar til drift av vassområdet verte følgjande:

Kommune	Utgifter i kroner	Utgifter i prosent
1411 Gulen	51585	2,6 %
1412 Solund	33913	1,7 %
1413 Hyllestad	40939	2,0 %
1416 Høyanger	86769	4,3 %
1417 Vik	58300	2,9 %
1418 Balestrand	43640	2,2 %

Til samanlikning vil kostnadsfordelinga etter dagens fordelingsnøkkel (folketal) bli slik:

Kommune	Utgifter i kroner	Utgifter i prosent
1411 Gulen	42491	2,1 %
1412 Solund	14959	0,7 %
1413 Hyllestad	25531	1,3 %
1416 Høyanger	76777	3,8 %
1417 Vik	49337	2,5 %
1418 Balestrand	23971	1,2 %

Framlegg til vedtak:

1. *Ytre Sogn vassområdeutval sluttar seg til at Fylkeskommunen tilsett prosjektleiar i 100 % fast stilling, felles med Indre Sogn vassområde. Tilsetjinga vil skje så snart som råd i løpet av 2015. Ordninga føreset av kommunane i fellesskap finansierar 50 % av prosjektkostnadane etter den føreslegne fordelingsnøkkelen der 1/3 av kostnadane vert fordelt likt mellom kommunane, 1/3 av kostnadane vert fordelt etter folketal, og 1/3 av kostnadane vert fordelt etter areal av elv og innsjø.*
2. *Kontorsted for prosjektleiaren vert avtalt mellom Fylkeskommunen, prosjektleiaren og kontorvert (kommune).*



Ytre Sogn vassområde

Sak 2 – 2015 Revidert prosjektplan

Gjeldande prosjektplan

Gjeldande prosjektplan av 25.mai 2011 viser organiseringa og finansieringa av Nordfjord vassområde, samt framdriftsplan og ei oversikt over arbeidet som skal utførast. Planane for framdrift og finansiering strekker seg til og med 2015. Det er såleis behov for ei oppdatering for at prosjektplanen skal vere dekkande for neste prosjektperiode, 2016 – 2021

Revisjon av prosjektplan

Innføring av felles prosjektleiar for Ytre Sogn og Indre Sogn vassområder, med Sogn og Fjordane Fylkeskommune som arbeidsgjevar (jamfør sak 1 - 2015) inneber at prosjektplanen for vassområdet må reviderast og vidareføres etter 2015. I perioden 2016 til 2021 (andre prosjektperiode) skal forvaltningsplanen og tiltaksprogrammet som no er på høyring settast i verk. Dette inneber mellom anna at status for tiltak skal innhentast og rapportert, og det skal takst prøver for å vurdere om tiltaka har ønska effekt. I same skal periode plandokumenta reviderast for tredje prosjektperiode, 2022- 2027, med involvering av statlege styresmakter, kommunar, fylkeskommune, private verksemdar, organisasjonar og einskildpersonar.

Framlegg til vedtak:

- 1. Prosjektleiar utarbeider ei ny prosjektplan for perioden 2016 - 2021 innan utgangen av februar 2015. Revidert prosjektplan blir sendt til administrasjonen i kommunane som tek initiativ til politisk behandling med målsetting om å vedta prosjektplanen med finansieringsplan innan april 2015*

Sak 3 – 2015 Høyring av regional vassforvaltningsplan og tilhøyrande tiltaksprogram.

Regional vassforvaltningsplan og tiltaksprogram for 2016-2021 vart lagt på høyring 01.10.2014, med høyringsfrist 31.03.2015. Høyringsdokumenta ligg på www.vannportalen.no (under Sogn og Fjordane).

Denne høyringa er spesielt viktig ettersom forvaltningsplanen og tiltaksprogrammet har store manglar, spesielt på tiltakssida. Det er mange vassførekomstar som manglar tiltak, og dei fleste av dei føreslegne tiltaka manglar kostnadsoverslag og godt utgreidde miljømål. Oversendingsbrevet, side 2, gir ei god oppsummering av kva ein spesielt ynskjer innspel på:

Fylkesutvalet for Sogn og Fjordane oppmodar høyringsinstansane om å vurdere særskilt:

- At alle tiltak er grunngjeve ut frå heimelsgrunnlag og realistiske kostnad/nyttevurderingar*



Ytre Sogn vassområde

- At prioritering av tiltak har grunding avvegning mellom omsyn til både miljøvinst og realisme for gjennomføring
- Framlegg til prioritering av regulerte vassdrag til revisjon og høve til lokal medverknad

Vi er avhengige av gode innspel og kunnskap frå nasjonale – og regionale sektorstyresmaktar, kommunar, interesseorganisasjonar, einskilde næringar og innbyggjarane for å lage ein god vassforvaltningsplan. Vi ber difor spesielt óg om innspel på:

- ✓ Kjennskap til eksisterande kunnskap som ikkje er lagt til grunn i planen
- ✓ Er framlegget til forvaltningsplan og tiltaksprogram tydeleg på kva som er dei viktigaste utfordringar for vassregionen framover?
- ✓ Miljømål
 - F Er miljømåla tydelege?
 - Er det tydeleg kva for vassførekomstar som får unntak frå miljømålet om god tilstand innan 2021?
 - Er planen realistisk i omsyn til tidspunkt for gjennomføring av tiltak for å nå miljømåla?
 - Er det trong for strengare miljømål i særskilte vassførekomstar og/eller nedbørfelt?
 - Er det framlegg til andre miljømål?
- ✓ Tiltak
 - Kva for tiltak, tema og ev geografiske område bør prioriterast?
 - Er det framlegg til andre tiltak for å nå miljømåla?
 - Kostnadsutrekningar og nyttevurderingar av tiltak
- ✓ Er det samsvar mellom føreslegne miljømål og tiltak?
- ✓ Kva for nye eller betre verkemidlar er det bruk for?
- ✓ Er det konsekvensar i planforslaget som ikkje er kome med?
- ✓ Er det samsvar med dei føreslegne prioriteringar og øvrige samfunnsformål?
- ✓ Gir framlegget til plan eit godt grunnlag for prioriteringar for kommunane og sektorstyresmakter?
- ✓ Er det tydeleg korleis plandokumentet vert brukt vidare i forvaltning av vatnet?

Ein bør særleg sjå på tiltak der ein er oppført som ansvarleg styresmakt og / eller tiltakshavar, og spele inn eventuelle retningar og oppdateringar.

Tiltak, miljømål m.m. finn ein i vedleggstabellar til tiltaksprogrammet. Her står alle vassførekomstar i risiko oppført.

I Ytre Sogn vassområde er det trong for innspel på følgjande i forhold til tiltaksprogrammet:

- NVE bør spele inn tiltak og/eller kostnadsvurderingar innanfor sitt ansvarsområde på dei vassførekomstane der dette manglar.
- Fiskeridirektoratet bør spele inn oppdatering av økologisk tilstand, risiko og eventuelle tiltak i høve til rømt oppdrettsfisk, samt kostnadsvurderingar for tiltak.
- Mattilsynet bør spele inn oppdatering av økologisk tilstand, risiko og eventuelle tiltak i høve til lakselusspreiing frå akvakultur, samt kostnadsvurderingar for tiltak.



Ytre Sogn vassområde

- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane bør spele inn kostnadsvurderingar for “sine” tiltak, der desse manglar.
- Kommunane og NVE bør spele inn tiltak i elvar som er påverka av flomverk, forbygging, kanalisering og liknande fysiske endringar. Der det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om i kva grad økosystema er påverka av desse fysiske endringane er det naturleg å starte med problemkartlegging som tiltak. Avbøtande tiltak vert då utsett, samstundes som at fristen for oppnådd av miljømål vert utsett i medhald av Vassforskrifta § 9
- Verkemedel og ansvarleg styresmakt for flomverk, forbygging og kanalisering bør avklarast sentralt og kommuniserast til vassområda.
- Miljødirektoratet bør spele inn kostnadar for tiltak i Årdalsfjorden (indre, midtre og ytre), Høyangsfjorden og Nordgulen

Framlegg til vedtak:

1. *Ytre Sogn vassområdeutval oppmodar kommunar og stlege styresmakter å kome med høyringsinnspel i følgje saksutgreiinga*
2. *Ytre Sogn vassområdeutval er samde om følgjande høyringsuttale, som vil bli sendt til Vassregionmynda (Sogn og Fjordane fylkeskommune):*
 - a. *Ytre Sogn vassområdeutval vil framheva trongen for styrka økonomiske ressursar frå statleg hold for å sikre implementering og gjennomføring av vassdirektivet i vass forvaltninga, samt gjennomføring av aktuelle tiltak innanfor ulike sektorområder.*
 - b. *Ytre Sogn vassområdeutval har ikkje merknader til kapitlet “Prioriteringar i vassregionen” i regional forvaltningsplan*
 - c. *Ytre Sogn vassområdeutval framhevar trongen for ei avklaring om verkemedel og ansvarleg styresmakt for flomverk, forbygging og kanalisering av elvar*